

Årsmelding for Herand Bygdelag

2016

1. Styre

Etter årsmøtet 13. mars 2016 har desse vore med i styret:

- Styreleiar: Gunnar Dalseth
- Nestleiar: Kaia Gulbrandsen
- Skrivar: Una Eiken
- Styremedlemmer: Kenneth Vikane, Marit Huus, Olav Bernt Strømsnes, Lars Sævarhagen
- Varamedlemmer: Sigmund Eiken, Siv Mælen Strømmen, Jan Tore Huus og Bernt Helge Samland.

Av desse er Una Eiken, Marit Huus, Olav Bernt Strømsnes og Lars Sævarhagen vald inn for to år fram til neste årsmøte.

I juni 2016 fekk Erik Sølve Hansen vervet som rekneskapsfører.

Sidan årsmøtet 2016 har styret hatt 12 styremøte.

Kenneth Vikane har representert Bygdelaget i Herand Omsorgsbustader AS. Sigmund Eiken har vore ansvarleg for bygningsmassen og administrert utleige. Sverre Haugen har styrt Båtbyggjarmuseet. Kaia Gulbrandsen er i bladstyret for Herand Bygdeblad, og Sigurd Johannes Traa har vore ansvarleg for publisering på nettsida herand.no.

2. Aktivitetar og arrangement

Styret arrangerte eit koordineringsmøte for alle lag i byda 26. januar for å leggje planar for året. Det arrangerte og eit oppsummeringsmøte etter turistsesongen 5. september. Styret har og vore representert ved andre viktige møte og samlingar i bygda og kommunen.

I årsmøtet 2016 vart det vedteke å slå saman Bygdelaget og Herand Landskapspark. Aktivitetane vart lagt i tre undergrupper. Ei gruppe har vore ansvarleg for eigedomane, leia av Sigmund Eiken. Ei gruppe har vore ansvarleg for arrangement og tilstellingar, leia av Marit Huus og Kenneth Vikane. Ei tredje gruppe har ført vidare aktivitetar frå landskapsparken.

Årsmelding frå Landskapsgruppa 2016

I 2016 har det vore 2 dugnader i Kulturstien, og Stasjek har slått stien ein gong om sommaren. Me jobba med oppslagstavler som skal stå ved Mjøstølsflore og ei tavle om treslaget Ask. Desse er ein del av ein serie me vil laga med opplysningar om tre og natur i Kulturstien.

Utstillinga var noko dårlegare besøkt i 2016 enn åra før. Det var 91 betalande + danselaget som hadde open utstilling 3 gonger. Konklusjonen vår på det noko dårlegare resultatet (vanlegvis er det rundt 150), er at det var mykje dårleg vær, og at det kom få eller ingen større grupper.

Me søkte om og fekk innvilga pengar til utstillingsvaktar frå Folgefonna Nasjonalparksenter sin pott for innfallsportar til nasjonalparken. Tiril Eiken og Solveig-Marie Huus var utstillingsvakter i skuleferien, og Berit Tuvin tok seg, som ho pleier, av organisering og oppfølging. Mange frivillige har jobba gratis som vakter i 2016 òg. Strålande! Morten Aasbø har ordna med arbeidsgjevardelen og utbetaling av løn til Tiril og Solveig-Marie.

Det har vore hengt opp plakatar ved utstillinga og i båthamna, og dei som styrer med attraksjonar og overnatting vart kontakta for å skaffa plakatar som kunne hengast opp.

Gjennom sommaren fylte me på med brosjyrar for utstillinga på kiosken i båthamna, turistkontoret i Jondal og hos overnattingsbedrifter etter ønskje.

Me har nokre kassar med postkort, og ein del av dei vart lagt ut for sal på Husflidskrokjen, i kiosken og på Juklafjord.

I haust tok Folgefonna Nasjonalparksenter kontakt om guida tur i Herand siste helga i juli, og Knapphus buss tok kontakt for å organisera gruppeturar til Herand. Me er godt i gang med organisering av dette.

Elles har organisering av landskapsparkgruppe stått litt i stampe etter årsmøtet og vedtaket om samanslåing. Men me både vil og må koma sterkt attende, for det er mange saker som heng i lufta.

Etter vedtaket sist årsmøte skal ikkje Landskapsparkgruppa lenger organiserast som eit styre, men som ei gruppe av interesserte som vil engasjera seg i landskapsparksaker. Det betyr at det er høve for dei som vil å melde seg på i gruppa. Ta kontakt med Una, Marna eller Berit. Neste møte er på Tveite onsdag 19. april klokka 17.00

Nokre av sakene me jobbar med:

- Søknaad til Folgefonna nasjonalpark om stønad til utstillingsvakt
- Organisering av grupper/ bussar. Me veit om ein del grupper som kjem i år, og må koordinera guiding, mat, program mm. Una og Marna har hovudansvar for dette.
- Utarbeiding av brosjyrar og kart mm. Dette har me fått tilsegn om tilskot frå næringsfondet for å utvikla, men har no vore nøyde til å søkja om utsett frist til gjennomføring og rapportering.
- Kva bør gjerast i stien på dugnadsdagane..
- Info – tavler, plakatar, brosjyrar og postkort.
- Viktig å samarbeida med «Liv og lyst» der me ser at me får samanfallande prosjekt.
- Oppdatering av heimesida
- Stadig idémyldring på gode ting og saker som kan skje i landskapsparken. Me har mellom anna eit sterkt ønskje om at det kan lagast film om Båtbygging i Herand. Men sidan me har ganske mange ballar i lufta nett no, håpar me at bygdelaget eller at ei gruppe i «Liv og lyst» kan tenna på denne idéen og følgja den opp. Merethe Offerdal Tveit, filmskapar som bur i Omvikedalen, har høve til å ta på seg oppdraget denne våren / sommaren.

Andre aktivitetar

Avisa vår, Herand Bygdeblad, kom ut i fire nummer i 2016 og har om lag 300 abonnentar. Mange av desse bur utanfor Herand og Jondal, og bladet er tydeleg ein formidlingskanal til folk som har flytta ut av bygda. Vi takkar bladstyret – Kaia Gulbrandsen, Sarah Marie Røstbø, Ingrid Stranden Haavik og Reidun Haugen Dalseth for å ha lagt ned mange arbeidstimar på dette!

Ein del tid og ressursar har framleis gått med til å fullføre oppussing av matsal og kjøkenet i kulturhuset som vart sett i gong i 2015. Resultatet har vorte at huset har vorte langt meir tenleg enn før, med eit godt utstyrt storkjøken og ein matsal der det kan dekkast på til totalt ca. 120 gjester. Dette arbeidet har vore leia av ei eiga kjøkengruppe.

Bygdelaget gjennomførte og ein reparasjon av taket på Båtbyggjarmuseet. Huset er eigd av Herand Båtlag, men vi driv museet. Det vart lagt til sutak under skifertaket for å verne det som er lagra inne i huset mest mot støv. Arbeidet vart gjennomført av Brødrene Handegard.

Bygdelaget gjennomførte den årlege bygdedugnaden 30. april, som vanleg med svært god oppslutning frå bygda med over 90 deltakarar. Sidan det skal vere om lag 200 som bur her, må vi seie at det er svært bra! I tillegg var det ein ekstra dugnadsdag med rydding av kulturstien.

Andre lag som brukar kulturhuset har vore med å arrangere bygdekafear fire gonger i 2016, der matsalen i kulturhuset blir opna ein søndag ettermiddag med servering av kaffi og kaker. Det er ein møteplass der folk kan stikke innom og treffe andre. Tusen takk til dei som hjalp til med det!

Haustmarknaden 8. oktober (som no blir arrangert annakvart år skiftevis med Herandshelga) vart som vanleg godt besøkt. Det var sal av lokale produkt frå mange ulike produsentar, sal av lopper frå loft, kjellarar og buer rundt om i bygda, og sjølvstekt sal av mat og drikke. Det kom inn i alt kr 51.138 kroner netto. Ved dette høvet var det trekning på sommarlotteriet som vart organisert av Martha Samland og Bjørg Samland – vi takkar for flott innsats!

Bygdelagsbasaren i romjula er den siste i året av ei heil rad med faste basarar i bygda, men folk set framleis pris på dette! Det kom inn i alt 34.530 kroner.

Andre større arrangement men arrangert av separate komitear er 17.maifeiring og jonsok. Andre ting som kan nemnast er pynting og tenning av julegrana i båthamna, klargjering av helleristningsfeltet, og utdeling av blomar – og gratis abonnement på bygdebladet – til nye innflyttarar. Om sommaren tok styremedlemmene tårn med å vatne blomar og tømme søppeldunkane på fellesområda i bygda.

Bygdelaget leiger badestranda av Berit og Haldor Tuvin. Dette er ein viktig uteplass for både bygdefolk og besøkande i sommarhalvåret.

3. Bruk av eigedomane til bygdelaget

Faste lagsbrukarar av kulturhuset er Herand Idrettslag, Herand Musikklag og Luren 4H. Nytt av året er at Jondal Kommune auka stønaden til drift av lagshus for å kompensere at lag i Herand ikkje får låne hus gratis slik som i Jondal. Til gjengjeld krev ikkje bygdelaget inn leige for desse faste brukarane sidan sommaren 2016. I tillegg til dette har kulturhuset vore brukt av lag og verksemder til meir tilfeldige møte, og av private til andre samkomer. Vi ser at utleige til ymse samkomer har auka, og vi reknar med at det nye kjøkenet og matsalen er grunn til det. To brukarar leiger rom i huset til lagerplass.

Vi ser at det er viktig at huset både har ein romsleg gymsal med scene, matsal med kjøken, og andre møterom. Det gjer at huset er tenleg til fleire ulike formål, og fungerer som både felles daglegstove og bestestove for bygda.

I tillegg er Meieriet fast leigd ut til Kramsjø på langtidskontrakt og blir brukt som restaurant om sommaren. Bygdelaget ser dette som viktig for å «dra» gjester til bygda, saman med anlegget til Kramsjø og fasilitetane til Båtlaget. Det er viktig at desse både fungerer godt og kan utviklast vidare.

Dette året har det ikkje vore drift i Krambua på grunn av mangel på frivillige.

Bygdelaget er og andelseigar i det nye kloakkanlegget på Høyneset.

4. Nytt prosjekt

Hausten 2016 tok Bygdelaget kontakt med «Liv og lyst»-programmet i Hordaland, som er eit fellestiltak av Fylkesmannen, fylkeskommunen og Innovasjon Norge med formålet å fremje bygdeutvikling og lokal mobilisering av ressursar. Vi søkte om – og fekk tilslag – på eit prøveprosjekt på kr 50.000 for 2017 med namnet «Herand i omstilling».

5. Økonomi

Vi viser til vedlagt oppsummering av rekneskap og balanse for 2016. Herand Bygdelag har totalt sett ein god økonomi med ein eigenkapital på om lag 670.000 kroner, i tillegg til fonda som er nemnt ovanfor men som er bundne til spesielle formål.

Herand, 23 mars 2017

Gunnar Dalseth
Styreleiar

Kaia Gulbrandsen
Nestleiar

Una Eiken
Skrivar

Marit Huus
Styremedlem

Lars Sævarhagen
Styremedlem

Olav Bernt Strømsnes
Styremedlem

Kenneth Vikane
Styremedlem